



**KONTROLLUTVALET I ØSTERØY KOMMUNE
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 14. juni 2018 kl. 12.00 – 13.00
Stad: Møterom i 3. etg. , Kommunehuset

Tilstade: Atle Reidar Eide (leiar), Ole Johannes Mjøs (nestleiar), Ann Christin Reigstad (medlem), John Tysse (medlem) og Audun Mosevoll (medlem)

Forfall:

Innkalla: Ordførar Jarle Skeidsvoll deltok under sak 18 – 20/18
Rådmann Ingvild Hjelmtveit

Frå revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik og Tonje Husum Aarland
Sekretær: Øivind Olsnes

18/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

19/18 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte 25.04.2018


Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte 25.04.2018 er godkjent

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 25.04.2018 er godkjent



20/18 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

a) Svarbrev frå Osterøy kontrollutvalet til Andreas Raknes mfl, datert 25.04.18

Behandling i møte:

Sekretæren orienterte om at Reglement for Kontrollutvalet (vedteke i KU 24.02.16 sak 08/16) vil verte lagt fram for kommunestyret til orientering/godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

21/18 Forvaltningsprosjekt - Vedtaksoppfølging

Saksvedlegg:

Nordhordland Revisjon IKS.

Prosjektplan til forvaltningsrevisjon: Vedtaksoppfølging, Osterøy kommune

Saksopplysningar:

Heradstyret har for perioden 2016 - 2019 vedteke (sak 032/16) plan for forvaltningsrevisjon der følgjande er prioritert:

- **Tenestetilbod til barn og unge med særskilde behov**
- **Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgde opp?**
- **KOSTRA – kvalitet på rapporteringa frå kommunen**
- **Barnevern – ressursbruk, sakshandsaming, oppfølging og handsaming**
- **Miljøplanlegging i kommunen**

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjektt dersom dette skulle vere meir aktuelt.»

Revisjonen har no laga ein prosjektplan som her vert lagt fram for kontrollutvalet til drøfting og godkjenning.

Føremålet med forvaltningsprosjektet er å undersøkje om kommunen har eit system for sakshandsaming ved enkeltvedtak som sikrar at gjeldande lovkrav og god forvaltningskikk vert følgd.

Revisjonen har skissert slike førebels problemstillingar:

- Har Osterøy kommune eit system som sikrar at førebuing, utforming og oppfølging av enkeltvedtak er i tråd med regelverket?
- Er enkeltvedtak i Osterøy kommunen i tråd med lovkrav og kommunen sine retningslinjer?



Revisjonen tilrår at prosjektet vert avgrensa til å sjå på system for sakshandsaming ved enkeltvedtak innanfor ein sektor eller fagavdeling i kommunen. Eit utval saker med enkeltvedtak avgrensast til enkeltvedtak gjort i 2016 og 2017.

Prosjektet vil kunne starte opp i løpet av sommaren 2018, og kan handsamast i KU i løpet av vinterhalvåret 2019.

Kontrollutvalet har siste året motteke ulike innspel vedkomande saker som har vore / er under handsaming i kommunen. Kontrollutvalet har ved drøfting av desse innspela lagt til grunn at ein ved planlagt forvaltningsprosjekt, får ein gjennomgang av og nærmare belyst kommunen sine rutinar og interne system ved sakshandsaming og oppfølging av vedtak.

Saksområda for dei innspela som kontrollutvalet har fått har vore relatert til byggjesak og plan-området. Det vil derfor vere naturleg å avgrense prosjektet innan dette fagområdet.

Byggjesak er i dag ein del av stabseksjonen *Teknisk forvaltning*. Plan er organisert som eigen stabsseksjon og har det overordna ansvaret for planarbeidet i kommunen. Ved handsaming av byggesaker vil det føreliggje viktige føresetnader knytt til status i ulike planar eller krav til utarbeiding av planar for å gje eit løyve. Det kan derfor vere naturleg å sjå desse fagområda i samanheng i forvaltningsprosjektet.

Behandling i møte:

Revisjonen ved Tonje Husum Aarland og Reidar Bjørsvik orienterte innleiingsvis om utforming av utsendt prosjektplan.


Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte om planlagde og gjennomførte endringar i organisasjonen.

Kontrollutvalet drøfta prosjektplanen og dei avgrensingar som var føreslege. Kontrollutvalet slutta seg til framlegget, men ønskte også at saker innan landbruk vert teke med.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner framlegget til prosjektplan og tingar frå revisjonen oppstart av forvaltningsprosjektet *Vedtaksoppfølging, Osterøy kommune*.

Kontrollutvalet vedtek å avgrense prosjektet til gjennomgang av enkeltvedtak innanfor stabsfunksjonane Byggesak / Plan



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner framlegget til prosjektplan og tingar frå revisjonen oppstart av forvaltningsprosjektet *Vedtaksoppfølging, Osterøy kommune*.

Kontrollutvalet vedtek å avgrense prosjektet til gjennomgang av enkeltvedtak innanfor stabsfunksjonane Byggesak / Plan

22/18 Oppfølging sak – Steinknuseverk konto

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Under sak 07/18 i møte en 21.02.18 drøfta kontrollutvalet ei sak vedkomande Steinknuseverk – konto. I samsvar med vedtak i dette møtet er revisjonen førespurt om å følgje opp saka.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik gav i møte den 25.04.18 under sak 14/18 ei kort tilbakemelding til kontrollutvalet om førespurnaden.

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering og ville følgje opp saka i neste møte. Revisjonen vil i møte orientere om status for saka.

Behandling i møte:

Revisjonssjefen orienterte om kontakt med banken om saka. Banken vil gje ei nærmare tilbakemelding til revisjonen når dei har undersøkt dette nærmare.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

23/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysningar:

Møtebøker frå politiske utval ligg tilgjengeleg på kommunen sine heimesider


Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.



24/18 Eventuelt

Behandling i møte:

Ann Christin Reigstad opplyste om at ho er valt inn som styremedlem i Osterøy aktiv, men vil be seg fritaken grunna at ho er medlem i kontrollutvalet.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik orienterte om at han vil tre ut av si stilling i haust.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Neste møte i kontrollutvalet er 26. september kl. 12.00

Saker til neste møte:

- Orientering/dialog med ordfører/rådmann
- Økonomisk status for kommunen pr . 31.08.18
- Oppfølging av punkt i revisjonsrapport nr 16

Osterøy, 14. juni 2018

Atle Reidar Eide, leiar

Øivind Olsnes, sekretær

